

PROSJEKTPLAN

KUNSTGALLERI I HARDANGER

Prosjekt mål og rammer.

Bakgrunn:

Kunstgruppa i Agatunet tok hausten 2015 initiativ til møte for å drøfta mogleg realisering av eit Kunstgalleri på Smelteverkstomta i Odda.

Bakgrunn for initiativet var at mange kunstverk av lokale kunstnarar ligg på ulike lager og i magasin. Eldre og nyare kunstsattar i form av måleri, foto, skulpturar og kunsthandverk er ikkje tilgjengelege for publikum. Kunstverka held høg kvalitet og det bør etablerast ein permanent visningsstad i Hardanger slik at desse kunstverka kan visast fram. Med plassering av desse kunstverka i eit nytt galleri vil dei vera til glede og nytte både for oss sjølve og for den stadig aukande turiststraumen som regionen, særleg Odda, har opplevd dei siste åra.

Hardanger har alt fleire utstillingslokale, men manglar eit større bygg som kan innehalda:

- permanente samlingar av eldre kunst og brukskunst
- samlingar av samtidskunst frå Hardanger
- profesjonelle, aktuelle, temporære kunstutstillingar
- atelier og lokale til undervisning der ein også kan syna elevarbeid og amatørkunst
- resepsjon, informasjon, kafé og butikk/bokhandel

Mogleg plassering av Kunstgalleri i Hardanger

Hardanger har vore nært knytt til kunst. Mange kunstnarar har budd og arbeid i Hardanger. I nasjonalromantikken var Hardanger motivmessig sentral i visualisering av det ekte og urnorske landskapet. Måleri med motiv frå Hardanger er i dag nasjonale ikon, trygt plasserte i Oslo og andre byar. Men her er mykje att: Nedpakka på lager og i magasin finst andre, unike, eldre og nyare kunstsattar i form av måleri, foto, skulptur og kunsthandverk som fortener eit publikum, men som sjeldan/aldri vert viste fram fordi regionen manglar bygg som kan romma slike samlingar.

Dette er etter vår meining svært synd. Kunstverka held høg kvalitet, er av nasjonal og lokal interesse og bør få ein permanent visningsstad i Hardanger. Der vil dei vera til glede og nytte både for oss sjølve og for den stadig aukande turiststraumen som regionen, særleg Odda, har opplevd dei siste åra.

Og: Det finst hus i regionen som er store nok til å romma desse samlingane! Dei husa er i Odda. Vi tenkjer på dei privateigde, verna bygningane på Smelteverkstomta

– Hall 105 og tilstøytande areal. Dette er sjølvstendige bygningar som er bygde saman med siloen der Trolltunga Active har planlagt isklatrehall. Det er knytt strenge vilkår til bruksendring, m.a. skal innsida av ytterveggar vera synlege, noko som gjer vanleg isolering vanskeleg. På den andre sida: Husa har restaurerte tak, nye vindauge, har eit fantastisk fint overlys, er enormt store – noko som gir fantastisk potensiale!

”Mulighetsstudien” som vart utarbeidd av firmaet Gottlieb Paludan Architects på oppdrag av Riksantikvaren i 2014 seier m.a. at desse areala – omarbeidde med kubar i romma – kan brukast til t.d. utstilling eller mathallar.

Eigar seier at areala er ledige, og då tenkjer vi at bygningane med engasjement, mykje arbeid, stor kreativitet og fagkunnskap på fleire område kan bli flotte utstillingslokale av store permanente utstillingar av eldre kunst, til samlingar av samtidskunst frå regionen, ha plass til temporære utstillingar – ha atelier og lokale til undervisning – der kan til og med sikrast areal der ein kan syna elevarbeid og amatørkunst.

Musea manglar magasinplass. Her er plass! Med utgangspunkt i at ein kan byggja rom i romma, kan ein kanskje ta i bruk del for del etter som arbeidet skrur fram.

Vi tenkjer oss ein museumsdel med permanente utstillingar, magasin, atelier og rom for Hardingpuls, og ein galleridel med bokhandel/kunstbokhandel, resepsjon, kafe, turistinformasjon, garderobe og toalettanlegg i sambruk med den planlagde isklatrehallen. Der kan også godt vera sportsbutikk med fjellsport og klatring som spesialer !

Kva har vi å stilla ut?

Korleis byggja opp ei kunstsamling i Hardanger?

Eldre kunst

Vi tenkjer oss innlån og omplassering av kunst som i dag ligg i magasin og på lager i regionen – i kommunane, i kunstlaga, i private heimar, på musea og hjå UiB.

Nokre døme på tilgjengeleg, eldre kvalitetskunst som utan store kostnader kan omplasserast:

Fotografen Knud Knudsen (1832-1915), ein av Noregs største landskapsfotografar, var frå Odda. UiB har den fleire tusen verk store fotosamlinga etter han. Alt no prydar vakre, store foto av han fleire av bygga. Det ville vera naturleg at deler av samlinga hans vart stilt ut her, og at heile samlinga var digitalt tilgjengeleg her.

Målaren Per Patterson (1928-2004) var frå Odda. Han måla m.a. Odda og Hardanger – natur, arkitektur, industri og folkeliv – i heile etterkrigstida og fram til vår tid. Bileta hans held høg kvalitet. Etter avtale vil enka hans, Tove Blehr Patterson, gjerne låna ut nokre bilete til ei slikt kunstsamling. Odda kunstforening har fleire bilete etter han.

Målaren og teiknaren Ragnar Grønsdal (1919-2002) var frå Odda. Han måla portrett, lokale landskap – by og fjell og industri – heile livet. Han kalla bileta sine reportasje- eller minnebilete frå distriktet. Han hadde atelier, frukttre og ein åkerlapp på Nyland, kloss i Smelteverket. Odda kunstforening har eitt bilete etter han.

Målaren Halldor H. Jordal (1899-1978) var frå Odda. Han måla landskap og karakteristiske portrett. Etter han finst ei samling portrettmåleri i magasinet på

Hardanger folkemuseum. Dei er tidstypiske og fortel om menneskelege vilkår i Hardanger på den tida. Samlinga er unik og ukjend.

Skulptøren Lars Utne (1862-1922) var frå Utne. Han var åtte år i Berlin der han blant anna arbeidde med utsmykking av Riksdagsbygningen. I Noreg har han laga utsmykkingar til Nationaltheatret og til Nasjonalgalleriet. Han er også mannen bak bronseløvene i inngangen til Høgsterett og skulpturen på Harald Hardrådes plass. Skulpturen *Guten med beltet* er rekna som det viktigaste enkeltverket hans. Etter han finst skulpturar og gipsformer i magasinet på Hardanger folkemuseum.

Odda bibliotek har ei samling grafikk på over 400 verk som er til utlån. Samlinga er eit tverrsnitt av norsk 1900-talsgrafikk, det meste frå 60- og 70-talet då ideen om "kunsten ut til folket" slo rot. Dei fleste norske kunstnarane som arbeidde innan grafikk er representerte her. Nokre av dei: Inger Sitter, Axel Revold, Håkon Bleken, Olav Mosebekk, Harald Kihle, Marit Bockelie, Gunnar S. Gundersen, Per Kleiva, Runa Førde, Knut Rumohr, Harald Kihle, Borghild Rud, Ludvig Eikaas, Carl Nesjar, Gunvor Advocaat, Frans Widerberg og Bernhard Berbmom. (Sistnemnde var fødd i Odda!) Her er også grafikk av Edvard Munch og Pablo Picasso og ein plakat av Andy Warhol. Den yngste i samlinga er truleg Lars Korff Lofthus. Samlinga er svært interessant og fortener eit stort publikum.

NVIM har kunstsamling etter Olav Holm og Herborg Kiberg.

Odda kunstforening har kunstsamling – måleri og grafikk – som treng utstillingsplass.

Ullensvang kunstlag har ei kunstsamling, noko er på utlån og utstilling, men ikkje alt.

I magasinet på Hardanger folkemuseum er der i tillegg til skulpturar og gipsmodellar av Lars Utne, måleri av Halldor H Jordal, også skulpturar av Jakob Kaland , treskjerarkunst av Berdines Kaland og bilete frå den store Bleie-samlinga som ikkje er utstilte på Skredhaugen.

Truleg finst det eldre smedkunst og biletevev i distriktet som ein bør ta vare på. Elles: Vi har berre hatt kontakt med kunstlaga i Odda og Ullensvang. Truleg finst det kunstlag og samlingar av kunst i dei andre kommunane også. Dette har vi ikkje undersøkt.

Prosjektmål:

Forprosjektet skal gje grunnlag for å ta stilling til om det skal startast opp Hovudprosjekt for realisering av «Kunstgalleri i Hardanger»

Forankring:

Forprosjektet er initiert av Kunstgruppa i Agatunet. Gjennom Hardanger Kulturråd er prosjektet knytt opp til Hardangerrådet.

Organisering:

Prosjekteigar/ansvarleg:

Odda kommune, Hardangerrådet og NVIM og/eller Hardanger folkemuseum, Hardanger Kulturråd

Prosjektleiing:

NVIM / Hardanger Folkemuseum v/ Prosjektlear

Arbeidsgruppe:

NVIM/HVM:	Vel ein representant til gruppa
Kunstgruppa i Agatunet:	Johild Mæland
Odda kommune:	Elisabeth W Hauge
Hardangerrådet:	Jostein Eitrheim
Hardingpuls:	Solfrid Aksnes
Byantikvaren:	Jorunn Monrad
	Toralv Mikkelsen

Styringsgruppe:

Hardanger Kulturråd

Referansegruppe:

Vert etablert etter behov.

Aktivitetar:

- Kartleggja kva som finst av ikkje utstilt kunst av lokale kunstnarar.
 - Vurdera innlån og omplassering av kunst som i dag ligg i magasin og på lager i regionen – i kommunane, i kunstlaga, i private heimar, på musea og hjå UiB.
- Vurdera behov for areal til utstilling/kunstgalleri
 - Dialog med SNU vedr. mogeleg innvendig ombygging av Bygg 105 Cyanamidhall.
 - Vurdera annan lokalisering
 - Vurdera ombyggingsalternativ for å tilretteleggja for utstilling/kunstgalleri
 - Kostnadsoverslag/Budsjett
 - Intensjonsavtale for leige av bygg.
- Vurdera selskapsform for Kunstgalleri Evt. Stifting
- Marknadsundersøking Målgrupper
 - Aktiviteter Eks. Lagring, Restaurering av kunst
- Sambruksdel med Isklatrehall i Bygg 103 ?
- Ringverknader av Kunstgalleri i Hardanger

Framdrift:

Start Forprosjekt

01.02.2016

Sluttrapport Forprosjekt

31.08.2016

Kostnads- og finansieringsplan:

Kostnadsplan					
Tittel		2016	2017	2018	Sum
Sum kostnad					
Finansieringsplan					
Tittel		2016	2017	2018	Sum
Sum Finansiering					